



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-U60, TI-&80
Arkivsaksnr: 19/993	Løpenr: 19/8790
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.11.2019	048/2019
Kommunestyret	05.12.2019	073/2019

Vurdering om Samnanger skal søkja om fornying av status som Fairtrade-kommune

05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 073/2019 Vedtak:

Samnanger søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Ved innkjøp av kaffe, te, sjokolade og frukt skal ein halda fram med å velja Fairtrade-produkt, dersom dette er mogleg.

14.11.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømme (MDG) sette fram følgjande tilleggsframlegg til rådmannen sitt framlegg:

"Ved innkjøp av kaffe, te, sjokolade og frukt skal ein halda fram med å velja Fairtrade-produkt, dersom dette er mogleg."

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Øyvind Strømme sitt framlegg. Øyvind Strømme sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 048/2019 Vedtak:

Samnanger søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Ved innkjøp av kaffe, te, sjokolade og frukt skal ein halda fram med å velja Fairtrade-produkt, dersom dette er mogleg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Dokument som er vedlagt:

Kopi av e-post frå Fairtrade Norge

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune fekk etter søknad status som Fairtrade-kommune i 2014. Det har no kome melding frå Fairtrade Norge om at søknadsfrist for fornying av statusen er 01.12.2019.

Fairtrade er ein organisasjon som arbeider for berekraftig råvareproduksjon og rettferdig handel. Fairtrade International er ein paraplyorganisasjon med 37 medlemmer, mellom anna Fairtrade Norge. Kommunar kan søkja om å verta såkalla Fairtrade-kommune.

Det er ein del plikter knytt til å vera Fairtrade-kommune. Mellom anna må kommunen ha ei styringsgruppe for Fairtrade og arbeida for å auka innkjøpa sine av Fairtrade-merka produkt. I tillegg kan kommunen velja å arbeida for at butikkar, andre næringsdrivande og foreningar skal auka utvalet sitt/bruken sin av Fairtrade-produkt.

Eit av vilkåra for å vera Fairtrade-kommune, er at ein må ha ei styringsgruppe. Kommunestyret valde 17.06.2018 (sak 030/2018) følgjande to politikarar som medlemmer i styringsgruppa:

- Øyvind Strømmen (MDG)
- Olaug Øystese (Ap)

Det gjekk fram av kommunestyret sitt vedtak i sak 030/2018 at styringsgruppa bør ha minst fem medlemmer, og at administrasjonen skal bidra med administrativ hjelp til styringsgruppa.

Meir informasjon om Fairtrade Norge kan ein finna på www.fairtrade.no.

Vurderingar og konsekvensar:

Sjølv om føremålet til Fairtrade er godt, meiner administrasjonen at det er nødvendig å vurdere om kommunen skal bruka ressursar på å halda fram med å vera Fairtrade-kommune. Dersom Samnanger framleis skal vera Fairtrade-kommune, bør me arbeida meir aktivt med Fairtrade enn me har gjort dei siste åra. For administrasjonen vil det vera vanskeleg å klara å prioritera slikt arbeid, på toppen av alle lovpålagte oppgåver/primæroppgåver. Erfaringa frå det første året som Fairtrade-kommune, då kommunen arbeidde relativt aktivt med Fairtrade, var at administrasjonen måtte bruka ein god del arbeidstid på dette. Dei siste 2-3 åra har det så langt administrasjonen veit vorte arbeidd lite med Fairtrade i kommunen.

Det vil vera fullt mogleg for kommunen å kjøpa Fairtrade-produkt sjølv om Samnanger ikkje er Fairtrade-kommune.

Rådmannen si vurdering er at Samnanger ikkje bør søkja om å fornya statusen som Fairtrade-kommune.